



Arbeids- og sosialdepartementet  
postmottak@asd.dep.no

## Høyrings svar - forskrift om dagpensar under arbeidsløyse - dagpensar under utdanning

Vi viser til brev frå departementet av 17. mars i år om forslag til nokre endringar i dagpengeforskriften når det gjeld høve til å kunne motta dagpensar og samtidig ta utdanning som er tilpassa kravet om arbeid på fulltid, og når utdanninga ikkje går føre seg på dagtid.

Vi er einige med utgangspunktet for regelverket, nemleg at dagpensar skal vera for dei som er arbeidssøkjande og er disponible for å kunne ta arbeid. Samtidig er det grensetilfelle der det er riktig å kunne gjera avvik frå eit slikt hovudprinsipp. Slike opningar er det i dagens regelverk, men dagens regelverk, slik det er omtalt i høyringsnotatet, kan vera for stivbeint i enkelte høve. I ei viss grad må det vera høve til å kunna motta dagpensar, også når deler av utdanninga/opplæringa føregår innanfor det ein kan kalla for normal arbeidstid.

Fellesforbundet støttar derfor forslaget om at ein skal kunne motta dagpensar, sjølv om inntil ti dagar av undervisninga/opplæringa føregår på dagtid. Forbundet støttar også forslaget om at den som har starta eit opplæring-/utdanningsløp seks månader før han/ho vart ledig, og som var i eit fulltidsarbeid, skal kunna motta dagpensar i inntil seks månadar sjølv om det går med meir enn ti virkedagar per semester med undervisning på dagtid. Vi meiner likevel at denne grensa på seks månader ikkje må gjelda lærlingar som er blitt arbeidsledige. Lærlingar som blir ledige eller permitterte, må kunna halda fram med teoriundervisning også utover seks månader når siktemålet er å ta fagbrev, sjølv om undervisninga føregår på dagtid.

Gjeldande forskrift (§ 4-3,c) har grense på 3 månader for å kunna ta kortvarig utdanning eller opplæring. Varer opplæringa lenger, kan ein ikkje motta dagpensar. Denne grensa bør etter forbundets syn ikkje gjelda for arbeidsledige kandidatar til fagprøve etter opplæringslova § 3-5. Desse må kunne ha høve til å gå på kurs på dagtid med sikte på fagprøve utan omsyn til 3-månaders regelen, når ei slik utdanning er ein del av den arbeidsledige sin aktivitetsplan.

Med venleg helsing  
**Fellesforbundet**

Steinar Krogstad  
(sign.)

Norvald Mo  
(sign.)

*Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.*

Vår dato  
14.04.2016

Vår referanse  
16/1023-2/FF - 008 NOMO

---